



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Bjarte Håland
Hålandsvegen 40
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/869 - 19/18284

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@radoy.kommune.no

Dato:
16.12.2019

Landbrukssak Gbnr 31/6 Håland - Varsel om dokumentkontroll

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjonstilskot i jordbruket 2019 for føretaket 912263053 Bjarte Håland

Radøy kommune v/landbrukskontoret viser til føretaket 912263053 sin søknad om produksjonstilskot i jordbruket for 2019.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2018-31, punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll.

Kontrollen vil omhandla:

- Gjødseplan for 2019.

Bed om at gjødseplan vert sendt til Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på epost til postmottak@radoy.kommune.no innan måndag 6. Januar 2020.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Øystein Hafnor Kolstad
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Forskrift om gjødslingsplanlegging - Lovdata

Mottakarar:

Bjarte Håland

Hålandsvegen 40 5936

MANGER